



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 10

Telefaks 53 43 70 11



Byggjenemnda
v/leiar Helge Hauge

5685 UGGDAL

UGGDAL, 05.07.04

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
04/00183	005387/04	132	FSK/FEL/JOSE/esl	

DRIFTSREGLEMENT FOR TYSNESHALLEN

Frå møte i FORMANNSKAPET 29.06.04, saknr. 0052/04.

De vert hermed orientert om at det er gjort følgjande vedtak:


1. Drifta av Tysneshallen vert organisert som eit eige resultatområde i Tysnes kommune.
2. Budsjett og rekneskap vert ført som ein del av Tysnes kommune sitt hovudoversyn. Økonomisjefen fører rekneskapen.
3. Tysneshallen vil eiga sitt eige overskot og underskot. Overskotet kan nyttast til å utvikla anlegget vidare.
4. Kommunen skal gå inn med inntil kr. 500.000,- i årlege driftsmidlar til Tysneshallen, anten i reie pengar til dekking av forsikring, straumutgifter o.a. eller som personellressursar. Det er føresett at dette skal vera kommunen sin kostnad ved drifta.
5. Skulen skal disponera idrettsdelen av Tysneshallen og garderobar i skuletida i skuleåret. Leige for dette er dekkja inn gjennom punkt 4. Biblioteket skal utifrå det same heller ikkje betala leige for bruk av bygget.
6. Det vert valt eit styre for Tysneshallen med minst 5 – maksimum 7 medlemmer. Halvparten av medlemene vert valde for 2 år. Styreleiar vert vald for to år. Minst to representantar i styret skal oppnemnst av kommunen. Dei andre medlemene vert tilrådde frå lag og organisasjonar i Tysnes.
7. Styret si oppgåve er å driva og vedlikehalda Tysneshallen sine anlegg for idrett og kultur, herunder også å driva utleige av den faste eigedommen innanfor føremålet. Styret har ansvaret for reinhald.
8. Ein gong kvart vårhalvår inviterer styret alle lag og organisasjonar til møte. Føremålet er å ansvarleggjera lagslivet i Tysnes til å ta ansvar for å få ei positiv drift




av Tysneshallen. Møtet skal drøfta drifta av Tysneshallen og korleis hallen skal vidareutviklast. Møtet tilrår også laga og organisasjonane sine representantar i styret, men kulturstyret skal gjera det formelle valet.

9. Styret vil ikkje ha ansvar for drifta av biblioteket. Aktivitetsrommet vert seksjonert og eigd av Tysnes musikklag. Alle andre rom vert disponerte av styret i Tysneshallen.
10. Eventuelle tilsetjingar skal skje på vanlege kommunale vilkår. Tilsetjingar skal gjerast av rådmannen etter uttale frå styret i Tysneshallen.
11. Styret har plikt til å melda frå til rådmannen dersom det skjer noko som påverkar anlegget eller drifta av anlegget vesentleg.
12. Styret lagar ei årsmelding som vert å senda rådmannen innan dei fristar som vert sette.

Reglementet gjeld i ein prøveperiode og skal reviderast av kommunestyret innan 2 år frå det er sett i verk.

Med helsing
Tysnes kommune

Audun Flovland
rådmann


Jon Sævartveit
konsulent

Kopi: Etatane
Økonomikontoret